

Møtereferat

Dato: 07.12.2016

Emne:	Politisk referansegruppe Ferjestø Djupavikneset, Stord - Møtereferat 6. desember 2016	
Til stades:	Pål Kårbø Harry Herstad Peder Sjo Slettebø Stein Inge Ryssdal Geir Angeltveit Frå administrasjonen Helge Hopen Håkon Rasmussen Stig Håkon Kristoffersen Lovise Vestbøstad Kjell Myre Lars Tore Martinsen Matti Torgersen	
Forfall:	Hilde Enstad	Sak: 2016/943-11
Møtetid:	6. desember 2016	Møtestad: Stord rådhus

Møteleiar: Pål Kårbø**Referent:** Matti Torgersen

1. Gjennomgang av status så langt,

Konsulent Helge Hopen gjennomgikk rapportutkast for Ferjestø Djupevikneset, Stord.

Rapporten har teke føre seg følgjande tema:

- Utarbeiding av ei prinsipløysing for ferjestø på Djupavikneset som ikkje kjem i konflikt med planlagd avlaupsreinseanlegg gjennom utvida fylling i sjø.
- Trafikksituasjonen i Leirvik sentrum ved etablering av ferjeleie på Djupavikneset med bruk av eksisterande vegnett.
- 3 alternative prinsipløysingar for veg- og tunnelsamband mot Djupavikneset.
- Utarbeiding av alternative ferjekonsept.
- Finansiering gjennom påslag på ferjetakst og fylkeskommunal finansieringsdel.

Referansegruppa konstaterer at trafikk til og frå ferjestø gjennom eksisterande vegnett i Leirvik sentrum vil kunne føre til så store trafikkavviklingsproblem at dette vert ikkje tilrådd. Eit ferjestø på Djupavika krev difor ei tunelløysing utanom Leirvik sentrum frå oppstart.

Referansegruppa konstaterer vidare at kostnadene ved bygging av ferjestø og tunell vil bli høge, og at det ikkje let seg finansiere gjennom påslag på ferjetakst. Ferjestøet er også i konflikt med andre utbyggingsprosjekt i området, og vil kunne forsinke arbeidet med etablering av avlaupsreinseanlegg.

På dette grunnlag ønskjer ikkje referansegruppa å gå vidare med utgreiinga av ferjestø på Djupavikneset. Det vert ikkje fleire møter i referansegruppa.

Prosjektgruppa får ansvar for å ferdigstille rapporten frå prosjektet fram mot årsskiftet. Rapporten blir sendt til politisk handsaming i dei to kommunestyra og i fylkesutvalet.

2. Vegene vidare for prosjektet

Referansegruppa konstaterer at utfordringa med ferjesambandet mellom Kvinnherad og Stord ikkje er løyst, og at dei to kommunane saman med Hordaland fylkeskommune har eit ansvar for å finne fram til ei framtidig løysing på behovet for innkorting av sambandet. Fylkeskommunen tek eit initiativ til vidare prosess.